

Barnesongar på nynorsk

STORBARNSAVDELING, DEL 2

Det sat to kattar på eit bord

Trad.

Det sat to kattar på eit bord, kvirrevirrevitt bom bom!
Den eine på den andre glor, kvirrevirrevitt bom bom!
Skal vi ikkje klatre ned igjen? Kvirrevirrevirrevitt bom bom!
Så klatra begge ned igjen, kvirrevirrevitt bom bom!

Og da dei så var komne ned, kvirrevirrevitt bom bom!
Så sa den andre: Høyr min venn, kvirrevirrevitt bom bom!
Skal vi ikkje klatre opp igjen? Kvirrevirrevirrevitt bom bom!
Så klatra begge opp igjen, kvirrevirrevitt bom bom!

Og da dei så var komne opp, kvirrevirrevitt bom bom!
Så sa den eine: Høyr min venn, kvirrevirrevitt bom bom!
Skal vi ikkje klatre ned igjen? Kvirrevirrevirrevitt bom bom!
Så klatra begge ned igjen, kvirrevirrevitt bom bom!



Bukkevise

Trad.

Og bukken var brokut og bukken var blakk, ://:
og bukken blei borte på ei laurdagsnatt.
Killebukken min, ser du geita?

Den lange han leidde, den stutte jaga på, ://:
så må du då tru at den bukken laut gå.
Killebukken min, ser du geita?

Og nedanfor ein bakke og oppafor ein dal, ://:
der budde dei karane som bukken stal.
Killebukken min, ser du geita?

Kom skal vi klippe sauen

Trad.

Kom skal vi klippe sauen i dag,
klippe han bra, ja, klippe han bra.
Så skal vi strikke sokkar til far,
svinge oss glad i dansen.

Surr, surr, surr. Surr, surr, surr.
Rokken vår går, garnet vi får.
Surr, surr, surr. Surr, surr, surr.
Svinge oss glad i dansen.

Kom skal vi karde ulla i dag,
Karde ho bra, ja, karde ho bra
Så skal vi strikke vottar til mor,
svinge oss glad i dansen.

Surr, surr, surr ...

Kom skal vi spinne garnet i dag,
spinne det bra, ja, spinne det bra.
Så skal vi strikke sokkar til bror,
svinge oss glad i dansen.

Surr, surr, surr ...

Kom skal vi farge garnet i dag,
farge det bra, ja, farge det bra.
Så skal vi strikke genser til (namn),
svinge oss glad i dansen.

Surr, surr, surr ...

Kom skal vi nøste garnet i dag,
nøste det bra, ja, nøste det bra.
Så skal vi strikke lue til (namn),
svinge oss glad i dansen.

Surr, surr, surr ...

Kom skal vi veve tøyen i dag,
veve det bra, ja, veve det bra.
Så skal vi sy oss alle slags klede,
svinge oss glad i dansen

Dunk, dunk, dunk. Dunk, dunk, dunk.
Vevstolen slår, skyttelen går.
Dunk, dunk, dunk. Dunk, dunk, dunk.
Svinge oss glad i dansen.



Ser du kjolen min?

Frå Songboka mi (J. Graasvoll, Det Norske Samlaget 1982)

Tekst og mel.: Gunnar Nyborg Jensen, til nynorsk ved Jens Graasvoll

Våre kjolar er i alle fargar,
grøn, blå, raud, kvit, svart og mange fleir.
Men høyr på meg og det eg vil fortelje –
grøn, blå, raud, kvit, svart og mange fleir.

Ser du kjolen min er grøn som graset,
alt det eg eig, er like grønt som den.
Det er fordi eg elsker alt det grøne,
og fordi ein gartnar er min venn.

Ser du kjolen min er blå som havet,
alt det eg eig, er like blått som den.
Det er fordi eg elsker alt det blåe,
og fordi ein sjømann er min venn.

Ser du kjolen min er kvit som snøen,
alt det eg eig, er like kvitt som den.
Det er fordi eg elsker alt det kvite,
og fordi ein bakar er min venn.

Ser du kjolen min er raud som rosa,
alt det eg eig, er like raudt som den.
Det er fordi eg elsker alt det raude,
og fordi ein brannmann er min venn.

Ser du kjolen min er svart som kolet,
alt det eg eig, er like svart som den.
Det er fordi eg elsker alt det svarte,
og fordi ein feiar er min venn.

Ellinga vellinga Vatlandsguten

Regle, trad.

Ellinga, vellinga, Vatlandsguten,
slo til kjerringa midt på truten.
Det skal du ha dit stygge troll,
fordi du ikkje kan telje til tolv:
Ein, to, tre, fire, fem, seks, sju, åtte, ni, ti, elleve, tolv!



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA